



---

**Referansar:** KM 10/22, KM 5/23, KM 7/24

**Arkivsak:** 24/01901-1

**Saksdokumenter:**

Styringstenesta i kyrkjeordninga

## Høyring – Regulering av styringstenesta i Den norske kyrkja i kyrkjeordninga mv.

### Forslag til vedtak

Kyrkjerådet ber direktøren om å gjere ferdig det vedlagde utkastet til høyringsnotat i lys av drøftinga i møtet og sende det på høyring.

### Saksorientering

I utkastet til høyringsnotat blir det presentert to saker som er oppfølging av tidlegare vedtak i Kyrkjemøtet som gjeld kyrkjeleg organisasjonsutvikling.

Det første temaet, om den kyrkjelege styringstenesta, har utgangspunkt i vedtaket i sak KM 5/23, der Kyrkjemøtet stadfester kyrkjelege verv som ei kyrkjeleg styringsteneste. Dette vedtaket blei følt opp i sak 7/24, der m.a. følgjande blei vedteke: «Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet om å legge fram forslag om ei føreseggn i kyrkjeordninga som stadfestar at rådsorgana i kyrkja utgjer ei særleg styringsteneste.»

Den andre saka handlar om tilhøvet mellom prestetenesta og soknerådet, og den er også ei oppfølging av vedtaket i sak KM 5/23. Der heiter det at:

Kyrkjemøtet vil styrke soknerådets rolle som styringsorgan for soknet og bed Kyrkjerådet om å legge fram forslag om endringar i regelverket slik at:  
(...) prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset, på lik line med dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar

Kyrkjerådet vil følgje opp vedtaket med forslag om ei endring i *tjenesteordning med kvalifikasjonskrav for menighetsprester* § 2, som slår fast at prestane er forplikta på dei planane og prioriteringane som soknerådet fastset. Denne forpliktinga er innanfor ramma av dei gjeremåla som elles er fastsett for presten i tenesteordninga.

I begge sakene er det lagt til grunn at regelendringane ikkje inneber realitetsendringar, men at dei klargjer gjeldande rett.

Forslaga vil bli sendt på høyring i september, med sikte på at Kyrkjerådet kan legge regelforslag fram for Kyrkjemøtet 2025.

Forslaga vil gå på høyring til følgjande instansar:

- Biskopane
- Bispedømeråda
- Dei teologiske lærestadene
- KA
- Arbeidstakarorganisasjonar som saka gjeld
- Eit utval av sokneråd og kyrkjelege fellesråd

## Økonomiske/administrative konsekvensar

Forslaga til endringar i tenesteordninga for prestar gjer behovet for samhandling mellom soknerådet og presten og mellom soknet som arbeidsgivar og rettssubjektet Den norske kyrkja tydeleg. Ein må leggje til rette for meir samarbeid, at prosten må sørge for at arbeidsplanlegging også skjer ut frå planane til sokneråda osb.